



Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Unnateke off. jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13

Krav om sletting av gyldig fråvere

Namnet til eleven:	
Født dato:	
Skule:	
Klasse:	

Eleven kan søkje om å få fjerna inntil 10 dagar av fråveret på ungdomsskulen frå vitnemålet i løpet av eit skuleår, dersom fråveret skuldast følgjande årsaker:

- Helseårsaker (jf. opplæringslova §3-41 fjerde ledd).
- Innvilga permisjon (jf. opplæringslova §2-11)
- Heilagdagar for elevar frå trussamfunn utanfor Den norske kyrkja (jf. Opplæringslova §2-11)

(Sjå side 2 for detaljar)

Periode for fråvere:	Årsak:	Tal dagar:	Ønskjer årsak til fråveret dokumentert på vedlegg til vitnemålet (set kryss)

Krav om sletting av fråvere må framsettast kvart skuleår frå 8.–10. klasse. Skjemaet må leverast til skulen fortløpande og seinast innan 1. juni. Dokumentasjon som ikkje er levert tidlegare må følgjemed der dette vert kravd.

Dato:.....

Underskrift elev:

Underskrift foreldre:

Opplæringslova:

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Forskrift til opplæringslova

§ 3-41. Føring av fråvær i grunnskolen

Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.